SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Adrian Husabø Bjørseth
E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no
Tlf.: 90247175

Vår ref.
Sak nr.: 19/4211-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.04.2019

Stiftelsen Bergen Dansesenter
USF Verftet Georgernes Verft 12

5011 BERGEN

Svar - Søknad om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019
Prosjekt: Forprosjekt - Dans i hele Vestland fylke

Vi viser til søknad datert 10. april 2019 kor de søkjer om 110 000 kr. til prosjektet «Dans i hele Vestland fylke».

Søknaden om støtte til forprosjektet «Dans i hele Vestland fylke» får avslag. Dette vert grunngjeve med at søknaden ikkje ligg innanfor dei definerte satsingsområda til sektorene. Avslaget er gjort med henvisning til retningsliner for virkemiddelbruk, der administrasjonen har høve til å avslå søknader som ligg utanfor satsingsområda til næringssektoren.

Kulturseksjonen mottok 16.05.18 søknad frå Bergen Dansesenter om midlar til eit prosjekt som skal kartlegge eksisterande infrastruktur og behov innan dansefeltet i Sogn og Fjordane fylke. Dei vil legge til rette for at regionen vert knytt tettare saman ved utveksling av kunnskap, kunst og prosjekt i heile Vestland fylke. Dei søkte også Hordaland fylkeskommune om tilskot.

Søknaden vart avslått 25.10.18. Desse vurderingane vart lagt til grunn:
«Vi er inne i ein prosess der vi ser på kven som vil vere våre regionale aktørar etter 2019. I denne prosessen vert det nærmare avklart behov og strukturar for samarbeid med regionale aktørar. Fylkesdirektøren ser det som positivt at Bergen Dansesener ynskjer eit samarbeid med Sogn og Fjordane i det nye fylket, men vil vente med å gå inn i samarbeidssøknadar.»

Vi er kjent med at Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar til prosjektet.

Så langt vi kan vurdere gjeld søknaden av 10.04.19 det same prosjektet som Bergen Dansesenter søkte om, og fekk avslag på i 2018. Prosessen med å avklare behov og strukturar for samarbeid i Vestland er framleis pågåande. Bergen Dansesenter er velkomne til å ta kontakt med kulturseksjonen dersom dei ønskjer å presentere prosjektet for oss, og drøfte ev. samarbeid eller gi nye opplysningar i saka. Ta kontakt på postmottak.kultur@sfj.no eller 576 38 000.

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Adrian Husabø Bjørseth
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Klageskjema

Mottakar (ar)
Stiftelsen Bergen Dansesenter USF Verftet Georgernes Verft 12 5011 BERGEN

Kopi til:
Sissel Lillebø Aarseth, NKA